



Vikøy Sokneråd  
Postboks 39  
5600 Norheimsund

## REFERAT frå SR i Vikøy sokn 12.nov. 2024

Frammøtte: Astrid, Magne, Vetle, Tove, Brynhild, Erling, Solfrid og Gudrun

Opning: Gudrun

**51/24 Godkjenning av innkalling og referat.** Begge godkjende.

**52/24 Orientering og evalueringar**

- **Kyrkjebladet.** Olav vidarefører Kyrkjebladet i papirform med 4 nr/år. Han ynskjer å få med ei redaksjonsnemnd (ein person frå kvart sokn). Me spør aktuelle kandidatar.

- **Bønneveke i januar.** Astrid, Helene og Vetle er med i komitèen. Bønneveka vert 19.-26.januar - 25. Diverse program.

- **Informasjon fra kulturkomitèen.** 13.nov.: Per Øystein Opdal/Vetle i samtale. Tema: Stilla som vegen til Jesus Kristus.

- **Informasjon fra Fellesrådet.** Kateketstillinga (80%) er utlyst. Det er ingen søkjarar til prestestillinga. Ny fellesrådsleiar: Kjell Dysvik.

- **Samarbeid med språkkafêane om juleavslutning.** Fellesfest på bedehuset 4.des.

- **Oppfølging etter møtet med trusopplæringstiltak.** Det har kome ny trusopplæringsplan, og denne må me i SR setja oss inn i. Det hadde vore lurt å ha eit formøte for å finna ut kva «bestillinga» for møtet var. Det bør vera ein kontaktperson frå SR til dei ulike trusopplæringstiltaka.

**53/24 Vennefest. Evaluering og vidare satsing?**

Det kom ca.250 med både barn og vaksne. Folk storkoste seg. Mykje arbeid for Solfrid. Flott organisert. God køkultur. Økonomien gjekk bra pga tilskotet frå kommunen. Skal me ha pølsebuffet neste gong??

**Vedtak:** SR ynskjer å vidareføra Vennefesten. Me må laga ein komitè i god tid, og ha tett samarbeid med bedehuset. Me treng folk til å hjelpa til dagen før og på sjølve kvelden. SR ynskjer helst at nokon frå trusopplæringa kan vera med å driva arrangementet.

**54/24 Misjonsavtale.**

Argument for skifte: Ny giv, alle har same prosjekt, lurt å ha eit prosjekt som har ein diakonal profil.

Misjonsprosjektet må presenterast inn i alle trusopplæringstiltaka slik at alle kjenner eigarskap.

**Vedtak:** SR ynskjer skifte når det gjeld misjonsavtale. Avtalen må ha ein diakonal profil.

#### **55/24 Fasteaksjon.**

**Vedtak:** SR ynskjer å vidareføra bøsseaksjon i 2025 òg, men me tenkjer at det er betre ein søndag, t.d. 6.april. Då kan me evt. ha utvida kyrkjekaffi eller middag. Solfrid sjekkar at det ikkje krasjar med fotballkampar.

#### **56/24 Julehelsing.**

**Vedtak:** Soknerådsleiar sender ut ei digital julehelsing til alle frivillege.

#### **57/24 Frivillegfest eller anna fellesskapsbyggjande arbeid?**

**Vedtak:** SR ser ikkje at me kan prioritera Frivillegfest no, men me må heile tida jobba med korleis byggja fellesskap.

#### **58/24 Flaumlys (ekstrasak)**

**Vedtak:** Me må samarbeida med dei andre sokneråda slik at det ikkje vert forskjell frå sokn til sokn. Laga brev til firma, evt. oppretta ein Spleis og tenkja ut alternativ til innsamling (Lyskonsert).

#### **59/24 Eventuelt**

Gudstenesta 12.01.: Offer til eige arbeid

**Neste SR er tysdag 14.januar 2025 kl.19.00**

Mat: Erling

«Dvele og dele»: Vetle

Gudrun Skeie Langeland, skrivar